



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
07/2017	Kontrollutvalet	PS	23.02.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 033	17/231

ANDRE SAKER/DRØFTINGAR

Kontrollutvalet - Sak 07/2017

KONT - Behandling:

Møtet blei lukka jf. Koml §31-3

1. Kort orientering / løypemelding frå rådmannen om framdrift, vurderinger og status i sak 32/16 pr. dd. (32/16 - ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN OM SAKSHANDSAMING AV SAK «STAMNES SENTRUM VIDAREUTVIKLING»). Denne saka blei behandla før dei andre sakane, men etter omvisinga på Daletunet.

Som bakgrunn i denne saka vises det til tidligare protokollar som omtaler denne saka.

Med omsyn til kjøp av gardsnummer 45, bruk 6, blei det i kommunestyret fatta eit vedtak om at dette skal skje på bakgrunn av uhilda takst (ihht til rådmannen sin innstilling). Administrasjonen fekk i oppgave å lage ein samarbeidsavtale med arbeidsgruppa for Stamnes sentrum.

- Rådmannen informerte i møtet at takst er gjennomført
- Det jobbes med å lage ein samarbeidsavtale med arbeidsgruppa for Stamnes sentrum. Det er ikkje satt ein tidsramme for ferdigstilling av avtalen, men administrasjonen ynskjer å gjennomføre dette så snart som mogleg.
- Kostnadsramma må være innafor det som er tildelt til formålet
- Leiar for KU ba om at avtalen også oversendes kontrollutvalet før den sendes til behandling i formannskapet

Sekretær informerer Deloitte om rådmannen si orientering.

Kontrollutvalet inviterer rådmannen for vidare orientering i KU-møtet 15. mars.

Møtet blei opna igjen.

2. Det var enighet i kontrollutvalet om å invitere ordføraren til neste møte til å gi ein orientering om rådmannen som er sjukemeldt. (Ordføraren er bortreist neste møtedato, og rådmannen vil gi orienteringa).